

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 047/19 | Kommunestyret | PS | 27.06.2019 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Hans Kristian Dolmen | 18/2476 |

Nasjonal ramme for vindkraft på land - Høyringuttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 av opprinnelige 43 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og midtre del av område 18 (s.164) med namnet «Nordhordland og Gulen» kome med. Lindås kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen på land, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan for vindkraft.

Kommunestyret - 047/19

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå H.Brunborg-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

1. Lindås kommunestyre

vil påpeika at arealstatus til nemte område i kommuneplanens arealdel er båndlagt med ei omsynssone kultur og fritid.

vil påpeika at Fylkesmannen i Vestland og Miljøvendirektoratet har peika på Fjonfjella som eit framtidig verneområde.

sjå på dette som eit serdeles verdifult område for innbyggjarar og region med store varige konflikter ved eventuell utbygging.

Framlegget vart vedteke med 18 røyster

2. Det kan ikkje pårekna at det vert gjeve dispensasjon frå kommunen sin arealdel til bygging av vindkraftanlegg i Fjonfjella i Lindås kommune.

Framlegget fekk 7 røyster og fall

KO - vedtak:

Lindås kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 av opprinnelige 43 områder som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og midtre del av område 18 (s.164) med namnet «Nordhordland og Gulen» kome med. Lindås kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen på land, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endelig rammeplan for vindkraft.

Lindås kommunestyre:

- vil påpeika at arealstatus til nemte område i kommuneplanens arealdel er båndlagt med ei omsynssone kultur og fritid.
- vil påpeika at Fylkesmannen i Vestland og Miljøvendirektoratet har peika på Fjonfjella som eit framtidig verneområde.
- sjå på dette som eit serdeles verdifult område for innbyggjarar og region med store varige konflikter ved eventuell utbygging.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Kommunestyret skal gje fråsegn til saka.

Prosess i saka

| | |
|-----------|---|
| 8.6.2018 | Lindås kommune mottok invitasjon frå NVE til å gje lokale og regionale innspel for at NVE skulle ha tilstrekkeleg informasjon til gjennomføring av arealanalyse |
| 29.8.2018 | Planutvalet gav innstilling i sak 109/18 til kommunestyret |
| 13.9.2018 | Kommunestyret gav i sak 65/18 samla og samrøystes uttale |
| 1.4.2019 | Olje- og energidirektoratet sendte « <i>Forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land</i> » ut på høyring med frist for innspel til 1. august |
| 12.4.2019 | Olje- og energidirektoratet utvida fristen for innspel til 1. oktober |
| 23.5.2019 | Regionalt møte for innspel i Bergen, Lindås kommune deltok der mellom anna ordførar holdt innlegg til saka |

Oppdrag frå Olje- og energidepartementet (frå høyringsbrev 1.4.2019)

Olje- og energidepartementet ga i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å lede et arbeid med å lage forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land. NVEs faglige forslag foreligger nå i form av en rapport datert 1. april 2019: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf.

Forslaget inneholder et samlet kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft på land og et kart: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE mener er de

mest egnede områdene for lokalisering av ny vindkraft.

Arbeidet med en nasjonal ramme for vindkraft følger opp omtalen i energimeldingen (Meld. St. 25 (2015-2016)) som Stortinget sluttet seg til våren 2016 (Innst. 401 S (2015-2016)). I energimeldingen heter det bl.a. at "regjeringen vil legge til rette for en lang siktig utvikling av lønnsom vindkraft i Norge", og at "Olje- og energidepartementet vil utarbeide en nasjonal ramme for konsesjonsbehandling av vindkraft på land".

NVE har etablert et kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft. Det er publisert 21 temarapporter basert på en gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringer fra konsesjonsbehandling av vindkraftsaker og fra vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmyndigheter og andre kunnskapsmiljøer innenfor de ulike temaene har deltatt i utarbeidelsen av rapportene. Dette er den mest omfattende kunnskapsgjennomgangen som har vært gjort av miljø- og samfunnsvirkninger av vindkraftverk i Norge.

I NVEs forslag er det pekt ut 13 områder som direktoratet mener er de mest egnede for vindkraft på land i Norge. Også innenfor de utpekt områdene vil det være områder som ikke egner seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følge av mindre gode vindressurser. NVE har lagt vekt på unngå konflikter med viktige naturområder, og tatt betydelige hensyn til aktuelle tema, for eksempel friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminner og reindrift.

NVEs forslag er rettet inn mot fremtidige utbygginger av vindkraft. Det er allerede gitt konsesjon til nesten 23 TWh vindkraft i Norge. Av dette er i dag rundt 10 TWh i drift eller under utbygging. NVE har avslått omlag 60 prosent av alle innsendte vindkraftplaner

«Forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land»

Sjølv rapporten er omfangsrik, detaljert og står frem på mange vis som svært grundig. Kunnskaps-grunnlaget som er utarbeidd som grunnlag for rapporten er massivt og dekker ei rad med relevante tema knytt til mellom anna energi, natur, miljø og samfunnsutvikling. Det er ikke rom for å gå inn på desse temarapportane, sjå <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/oppdatert-kunnskapsgrunnlag/>

Rapporten er bygd opp i seks delar

a. Introduksjon (s. 1-11)

Redegjør for oppdrag, føringer og rammer for gjennomføring

b. Fakta: Vindkraft i Noreg (s. 12-30)

Kortfatta oversikt over grunnlaget for vindproduksjon i Noreg. Går inn på teknologi og arealbruk, drivere for utbygging, krav til kraftsystemet og innføring i konsesjonshandsaming

c. Miljø- og samfunnverknadar (s. 31-91)

Her vert det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget om verknadar knytt til vindkraftverk presentert. Del av underlaget for utpeing av egna områder

d. Metode for utpeking av områder (s. 92-123)

Her vert metodane som er nytta og kriteria som vilkår for val gått gjennom

e. Dei mest egna områdane for vindkraft (s. 124-210)

Presentasjon av dei områdane NVE reknar som dei mest egna områdane for vindkraftutbygging

f. Anbefaling og diskusjon (s. 211-214)

NVE sine råd om vidare arbeid med naional ramme for vindkraft

For å sjå rapporten i heilskap finn ein den på www.nve.no. Ein kan også nytte linken: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf

Aktuelle områder - Nordhordland og Lindås kommune

Rammeplanen for vindkraft er nasjonal og med utgangspunkt i 43 områder over heile landet har NVE gjennom si arealanalyse peika på 13 områder som mest egna for utbygging av vindkraft på land.


For Lindås kommune og våre naboar i Nordhordland er det analyseområde 18 som gjeld. Etter runden med innspel i fjor haust har mediebilete vore fylt med ei rekke oppslag kring både arealbruk og energispørsmål. Det har også vore arrangert fleire og markeringar elles om saka.

Analyseområde 18 – Før arealanalyse

Analyseområde 18 fevner om delar av Nordhordland, Gulen, Masfjorden, Høyanger, Vik og Voss.

Strekker seg frå nær sagt ytterste holme til høgste berg.

Ustrekninga gjer at område rører ved ulike plantema og samfunnsspørsmål.



Gjennom arealanalysen har NVE vurdert og redusert område 18. I rapporten sin del E der ein peikar ut dei områda som ein reknar som mest egna er det gjeve eit samandrag av grunngjevinga for:

1. *Hvorfor er området foreslått som et av de mest egnede?*, og vidare
2. *Hvilken type vindkraftverk er området egnet for?*

Kap.50 – Nordhordland og Gulen (s. 164-168)

Dette området har gode produksjonsforhold for vindkraft. I et kraftsystemperspektiv er Nordhordland og Gulen veldig godt egnet for ny produksjon, sammenlignet med andre områder.

I området er det viktige miljø-og samfunnsinteresser knyttet til blant annet friluftsliv, landskap og fugl. Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet.



Fra et nasjonalt perspektiv, framstår Nordhordland og Gulen derfor som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging i Norge.

Området er relativt lite sammenlignet med mange andre av de utpekte områdene, men i teorien er det likevel plass til store eller små vindkraftverk i mye av området. I deler av området kan størrelsen være begrenset på grunn av krevende topografi, og i kyststrøkene er det mest aktuelt med små vindkraftverk.

Plan- og samfunnstema

Sjølv om NVE vil hevda at det er gjort eit omfattande og grunding grunnlagsarbeide dels på grunnlag av lokale innspel er det framleis lokale og regionale tilhøve som me meiner ikkje kjem godt nok fram eller er vektlagt godt nok. Saman med Masfjorden og Gulen vil og Lindås kommune peike på følgjande:

- **Naturen** som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Lindås, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv og reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen nemnast. Resten av området er myke og harde eksklusjonar og ikkje eigna for utbygging. Lindås kommune har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging
- **Topografien** i Lindås er svært kupert og ikkje eigna til å etablere vegar og oppstillingsplassar for vindmøller i store deler av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store
- **Kommuneplan samfunnsdel eller arealdel** opnar ikkje for vindkraft, der mesteparten av fjell- og utmarksområda er lagt ut til LNF-område. Lindås kommune kjem ikkje til å dispensere frå kommuneplan for å byggje vindkraftverk i kommunen vår
- For lokalbefolkinga er utmarka ein **ressurs i friluftssamanhang** og grunnlag for ivaretaking av folkehelsa. Det føreslårte området ligg nært opp til det folkerike området i og ved Bergen og omland, og det er difor svært mange brukarar av våre fjell- og utmarksområde
- I **Biosfæreområdet Nordhordland** skal lokal forankring vera sentral for forvaltninga, og det vil vera eit brot på dette prinsippet om ein gjennom energilova køyrer over den lokale motstanden mot vindkraft i Nordhordland og Gulen, som er i klart fleirtal i kommunestyra i både Masfjorden, Gulen og Lindås kommune
- **Artsmangfaldet**, knytt til naturtypar, fugl og vilt er stort innanfor området, som ligg i ein fjell, kyst- og fjordregion med mange ulike biotopar og der eit mangfold av naturtypar er veldokumentert
- **Landskapet** med Sognefjorden i nord, og Masfjorden og Fensfjorden i sør og vest er unikt, og topografien er krevjande og eksponering i fjordlandskapet og i terrenget vil verta svært stor om det kjem vindkraft i desse områda. Sognefjorden er innseglinga til verdsarven vår "Vestnorsk fjordlandschap", i Nærøyfjorden

- Det er mange **kulturlandskap og kulturminne** av stølsmiljø, både i Stordalen, Matresfjella, Fjonfjella, og i influensområdet til Ynnesdalsvassdraget, som vil verta øydelagt av ei vindkraftutbygging. Stølsmiljøa har stor verdi som kulturminne og er godt ivaretakne
- **Bjørn West historia** knytt til denne delen av Nordhordland har stor historisk verdi og av nasjonal interesse. Mange minner er knytt til kampane som skjedde i fjellområda rundt Stordalen, Kringlebotn og i Matresfjella under den 2 verdskriga. Det siste slaget/kampane under den 2. verdskriga i Nord-Europa var i desse fjellområda. (Klavefjellet m fl.) Til minne om motstandsgruppa Bjørn West, deira falne og deira sin innsats i desse fjella vart det i 1985 oppretta ein turmarsj. Denne marsjen har seinare gjeve årleg i Bjørn West sine fotspor med opp mot 800 deltakarar. Bjørn West historia vert i dag og formidla på Matre gjennom Bjørn West museet
- **Friluftslivskartlegginga** dokumenter at fjell- og kystområda i både Masfjorden, Gulen, Høyanger, og Lindås har store friluftsinteresser knytt til seg. Stordalen er ein sentral inngangsport til Stølsheimen, med merka DNT-turstiar til Vardadalsbu, Nordalshytta, Skavlabu, og Fjellvassbu. Sentralt i Fjonfjella/ Masfjordfjella ligg Kalvedalshytta, alle turlagshyttene hører til Nordhordland Turlag/ Bergen og Hordaland Turlag
- **Utøving av jakt, fiske, og naturbasert reiseliv** i Nordhordland og i Sogn kan i verte påverka. Nautesund camping, Stordalen fjellstove, Stordalen skisenter, leirskulen i Dyrikbotn, lakse- og sjøaureførande vassdrag, samt over 300 hytter/ hyttetomter berre i Stordalen viser at både fjell og kystområda i Masfjorden og Gulen har stor verdi for mange brukarar og næringsinteresser
- Særskilt områda rundt Stordalen og Verkland er av stor lokal- og **regional verdi for skiutfart**, og er i stor utstrekning nytta av lokalbefolkinga i Masfjorden og Gulen, samt tilreisande frå Nordhordland og frå Bergensområdet. Eit landskap med vindmøller vil øydeleggje dette med både støy, visuell landskapsoppleveling og risiko for iskasting
- Fleire **intakte kultur og naturlandskap** av høg verdi ligg innanfor det føreslårte området Nordhordland og Gulen. Ein vil her spesielt vise til kartlegginga av inngrepsfrie naturområde (INON), samt verneplan for vassdrag og fleire naturreservat i dei ytre områda. Dei to verna vassdraga er Ynnesdalsvassdraget og Eikefetvassdraget

- Miljødirektoratet har i brev/ rapport til Klima- og Miljøverndepartementet dagsett mai 2019, føreslått i **kategori nasjonalpark**, at cirka 129 km² av fjellområdet sør for Masfjorden (Fjonfjella) vert verna. Dette området kan då inngå i ein framtidig ny nasjonalparkplan i følgje Miljødirektoratet. Fjonfjella utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i ytre deler av Hordaland

Fråsegn frå Lindås kommunestyret sak 065/18

Med grunn i det forventa endringane i klima og den påverknaden dette vil ha vår framtidige samfunnsutvikling vil Lindås kommune trekke fram følgjande:

- I eit berekraftig perspektiv bør framtidig energiproduksjon endrast til å verte meir miljøvenleg og berekraftig. Vindkraft på land kan vere ein del av meir miljøvenleg energiproduksjon*
- I ressurskrevjande perspektiv veit me at alle typar anlegg for energiproduksjon i ei eller anna form er ressurskrevjande. Det båndlegg ma. store areal, fører med seg inngrep i omgjevnadane våre og kan ha konsekvensar i høve til mangfald. Anlegg og infrastruktur for vindkraft krev store arealinngrep og vert markant i landskapsbilete*
- Tidspunkt for det «**Grøne skifte**» fører med seg diskusjonen om balansegangen mellom «det gamle og eit nytt» energiregime som har gått føre i fleire år. Det er eit tema som har modnast og tida for å gjere endå meir aktive skritt er moglegvis komen*
- Det er stort sannsyn for at mange i det vidare og i enda større grad vert utfordra knytt til spørsmålet om **vern og bruk av naturmangfoldet** kring oss*
- Som for mange av dei andre kartlagte analyseområda er det store interesser knytt til særleg **rekreasjon og friluftsliv** i analyseområde 18, men også **bustad og næring***
- Lindås kommune sin gjennomgang av faglege og samfunnsmessige tema syner at me har både ansvar, interesser og muligheter på ulike vis*
- Me er interessert i å få ta del i arbeidet med premissane/vilkåra for det vidare arbeidet og korleis desse vert vekta.*

Fellesframlegg frå kommunestyret (tillegg)

- I eit berekraftig perspektiv må framtidig energiproduksjon endrast til å verte meir miljøvenleg og berekraftig. Lindås kommune meiner at alternativet til industriområde for vindkraft i fjella våre er havområda i vest. Miljøulempene her er mindre. Vindkraft i havet vårt kan vere ein del av meir miljøvenleg energiproduksjon, og må vera med i det vidare arbeidet til nasjonal ramme for vindkraft. Også i høve til elektrifisering av olje- og gasssektoren vår er det fornuftig med vindmølleanlegg til havs på Vestlandet.*
- Vindmølleanlegg på land vil i fjellområda i og omkring Stølsheimen ha svært uheldige konsekvensar i høve til naturmangfald, friluftsliv og det opne fjellandskapet her. Anlegg og infrastruktur for vindkraft her krev store arealinngrep, og inngrepa vil verta markante og skjemmande landskapsbilete i fjellheimen vår i Nordhordland. Me veit og at nokre av dei mest fremheva verdiane med å vere i Noreg er opplevinga av urørt natur, vidt utsyn og stillhet. Alle desse tre verdiane vert utfordra når det gjeld anlegg for vindkraft*
- Det er store interesser knytt til særleg biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Fjellområda Eggjane, Blåfjellet og område nord og aust for Dyrkolbotn, dvs. store fjellområde på begge sider av Romarheimsdalen/Dyrkolbotn,*

er i bruk heile året. Det er leirskuledrift i området, fjellstove, DNT-hytter, turstier, skianlegg, turløyper, hytteområde og populære utfartsområde både til ski og til fots. Det er også gode fiskevann her som vert mykje bruk

4. *Område 18 inneholder areal som er det siste området i ein korridor mellom sjøen og Stølsheimen. All bygging av vindmøller i området eller i nærleiken vil endra området for all framtid. Sjølv med konsesjonar i 25 år med tilbakeføringsklausular vil urørte området vera uopprettelig endra for framtidige generasjoner. Lindås kommune meiner at vindkraftindustri ikkje høyrer heime i denne unike fjellheimen her som må sjåast på som eit samanhengande høgfjellplatå vest i Stølsheimen. Desse fjellområda må tilhøyr ålmenta som friluftsliv- og rekreasjonsområde framover. Våre verdifulle frilufts- og rekreasjonsområde i dette storslattede høgfjellplatået må ikkje øydeleggjast av vindmølleanlegg og fleire kraftleidningar og anleggsvegar. Desse områda må brukast til rekreasjon, reiseliv, landbruk og sjåast i samanheng med landskapsvern og vern gjennom bruk*
5. *Miljødirektoratet har i dag ikkje full oversikt over dei mest verdifulle friluftslivsområda i ein nasjonal samanheng. Det er ikkje gjennomført ein fullstendig kommunal eller regional friluftslivskartlegging i området. Området inneholder kulturminnemiljø (stølar og liknande) og turområde utan tilrettelegging, og er ein av få samanhengande naturområde med urort preg i regionen.*
6. *Vi ber NVE om å vektlegge desse nemnde regionale interessene. Vår faglege vurdering er at analyseområde 18 grunna regionalt viktige verdiar, ikkje høver i kategorien «mest egnet» i «Nasjonal ramme for vindkraft» på land».*
7. *Lindås kommune meiner at analyseområde 18 må trekka ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.*

Oppsummering og konklusjon

Kommunstyret gav innspel då sakta vart handsama i fjor haust. Eine kan seie at innspelet var todelt der innstillinga til administrasjonen var meir generell om ulike aktuelle samfunnstema medan det politiske fellesframlegget var meir konkret og svært tydeleg i si melding attende.

Ein ønskjer ikkje utbygging av vindkraft på land. Verken innan for analyseområde 18 eller andre stader i regionen. Måten kommunen ønskjer å ta del i det «grøne skiftet» og vindkraftutbygging er å plassere dei anlegga til havs. Dette understreka og ordførar i sitt innspel under høyringskonferansen.

Både det politiske miljø og administrasjonen registerer det ordskiftet som går føre seg på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Klima-, miljø og energispørsmåla har ikkje vorte mindre aktuelt fyrste halvår 2019 og temaet berekraft er meir aktuelt enn nokon sinne.

Grunnlaget for fråsegna no er fyldigare enn tidligare då ein har samrådd seg med Masfjorden og Gulen og meire utdjupa lokale og regionale tilhøve. I kommunane Gulen, Lindås og Masfjorden betyr det mykje for bukvaliteten og for folkehelsa at det er god tilgang på stille og fredelege naturområde utan inngrep og tekniske installasjonar. Denne viktige livskvaliteten vil verta forringa i vesentleg grad om det kjem vindkraftutbygging i område 18.

Vidare er det ein kjensgjerning at innbyggjarar våre nytta fjell og naturområda svært mykje til rekreasjon , jakt og fiske, og at område 18 vert svært mykje nytta av tilreisande frå Nordhordlands-kommunane Masfjorden, Lindås, Austrheim, Gulen, Meland, Radøy og Bergen. Områda som høyrer til område **Nordhordland og Gulen** i planen har difor stor verdi både som område for dagsturar, og for lengre fjellturar for svært mange innbyggjarar i regionen Vestland.

Lindås kommune støttar ekskluderinga av alle områda som er gjort i den nasjonale rammeplanen i Nordhordland og Gulen innanfor analyseområde 18, og at ein meiner at desse eksklusjonane er godt grunngjeve. Vidare meiner kommunestyret at også alle restområda burde vore ekskludert, sidan topografien i våre område er krevjande med mykje ulendt terreng, og fordi dei ikkje ekskluderte områda er svært avgrensa i storleik. Det betyr at for dei fleste av dei attverande område, vil vindkraftutbygging medføra store inngrep i høve til mengde kraftproduksjon området kan gje.

Lindås kommune er del av fjellområde som har bidrige med store kraftutbyggingar. Likevel ligg der ein god del urørd natur att. Denne vil i stor grad bli utbygd og øydelagd med den føreslalte vindkraftutbygginga. Ein snakkar då om eit industriområde i den vakre fjellheimen vår.

Dei store kultur, natur- og friluftsverdiane er av stor betydning for livskvaliteten for innbyggjarane i Lindås og Nordhordland, samt viktige bruksinteresser knytt til busetnad, reiseliv, drikkevatn, jakt og fiske med vidare vil medføra svært store konfliktar om ikkje rammeplanen for vindkraft vert endra.

Kommunestyret forventar at OED lyttar til vår fråsegn, og tek ut heile område 18 **Nordhordland og Gulen** av rammeplanen.